

OSTERØY KOMMUNE  
Teknisk Forvaltning  
5282 LONEVÅG

GNR. 1 BNR 3 - SØKNAD OM DISPENSASJON FRÅ KOMMUNEPLANEN

Eg søker med dette om dispensasjon frå Kommuneplanen sin arealdel til etablering av vass- og avlaupsleidningar på gnr. 1 bnr. 3 i LNF-område.

Det er tilrettelagt for at min eigedom kan kopla seg til eksisterande va-anlegg i Loftåsfeltet. For å kome til va-anlegget må leidningsnettet gå over mellom anna gnr. 1 bnr. 3 i eksisterande veg. Eigar har gjeve løyve til å leggje va-leidning på eigedomen, vedlegg Q1.

Eigedomen ligg innanfor avstandsgrensa som kommunen har sett, der det er eit krav om tilkopling til kommunale leidningar. Kommunen ønskjer også at flest mogleg av eigedomane i kommunen koplar seg til kommunale va-anlegg. Ein kan ikkje sjå at det er negative konsekvensar av å leggje vass- og avlaupsleidningar i LNF området. Det er heller positivt at utslepp frå slamavskiljar vert fjerna og ført til kommunalt anlegg.

Dato: 02.08.2023 .....

Med venleg helsing



Frode Trefall

Eigar av gnr. 1 bnr. 14